

Mariakyrkja på Gran

Ombygging frå romansk til gotisk – ny form og ny funksjon?

Av Øystein Ekroll

1. Innleiing

På Granavollen i Gran kommune, i landskapet Hadeland 5 mil nord for Oslo, ligg dei to »Søsterkyrkjene« side om side (fig. 1). Etter folkesagnet skal dei vere bygde av to søstre som var så sterke uvenner at dei ikkje kunne gå i same kyrkje, og bygde derfor kvar si kyrkje side om side. Den verkelege forklaringa er nok meir prosaisk, men ikkje like enkel (fig. 2).

2. Søsterkyrkjene

Den største og nordlegaste av kyrkjene – Nikolaikyrkja – er ein romansk basilika, opphavleg med kvadratisk kor og apsis. Innvendig er det tendensar til tverrskip, men dette er ikkje uttrykt i eksteriøret. Eit midttårn var planlagt, men ikkje bygd over takhøgd på skipet i første byggeperiode. Ytterveggane i koret, sideskipa og vestfasaden er oppført av finhogde kvaiderstein, medan øvre del av midtskipseggane og tårnet er oppført i bruddstein. Vestfasaden er førsteklasses handverk med søyleportal og vindu over, begge flankert av søyler med terningkapitel. Kyrkja er ikkje nøyaktig datert, men dei fleste forskrarar reknar med at den vart oppført i 2. halvdel av 1100-talet.

På slutten av 1200-talet er kyrkja blitt utvida i gotisk stil. Apsiden er riven og koret gjort dobbelt så langt med rett avslutting mot aust. På nordsida av koret er bygd eit sakristi med halvtønnehvelv, frå først av med inngang berre frå koret. Koret og midtskipet

i langhuset fekk krysshvelv med ribber, bygd i tegl, og det kvadratiske midttårnet er fullført (fig. 3).

Det har eksistert i alt seks liknande basilikaer på Austlandet i tillegg til domkyrkjene i Oslo og Hamar.¹ Forbillet for alle ser ut til å vere Hallvardskatedralen i Oslo, grunnlagt av kong Sigurd Jorsalfar ca. 1110. Den hadde treskipa langhus, enkle tverrskip, tårn over krysset, kvadratisk kor med apsis og eit sakristi/kapell med apsis på nordsida av koret, truleg også eit tilsvarende på sørsida av koret.



Fig. 1. Luftfoto av Granavollen med Søsterkyrkjene midt i det fruktbare åkerlandskapet. T.v. gjestgiveriet oppretta på 1600-talet. Foto: Wold's foto as.




Fig. 2. Plan over kyrkjene. Øverst Nikolaikyrkja, nederst Mariakyrkja. Nede t.h. Klokketårnet, det tidlegare hjørnetårnet i ringmuren. Den sannsynlige utstrekninga av ringmuren er markert. Heiltrekken linje viser noverande mur, delt linje viser antatt muflukt. Reintekning etter kart fra 1901.



Fig. 3. Søsterkyrkjene sett mot sørvest, Nikolaikyrkja t.h., med korutvidingane frå 1200-talet eller seinare. Foto ØE 1990.

Den sørlegaste av Søsterkyrkjene – Mariakyrkja – er i dag ei einskipa kyrkje med skip og kor i nesten same breidde. Her er koret og austre del av skipet bygd i gotisk tid, med spissboga dører og vindu. Koret har tredelt austvindu og eit enkeltvindu i sørveggen, og uvanleg nok prestedør i nordveggen heller enn i sørveggen. Den yngste og austre delen av skipet har eit gotisk vindu i sørveggen. Vestre del av skipet er romansk, med rundboga nord- sør- og vestportal, men ingen vindu. I vestgavlen er ein stor opning som kan ha fungert som dør dersom loftet vart nytta til lagerformål. I veggane i den gotiske delen er det gjenbrukt både krumme, finhogde apsissteinar og flate steinar med finhogd overflate. Disse siste har ikkje fullstendig kvaderform. Det gjenbrukte steinmaterialet tyder på at apsis og koret var meir forseggjort enn den bevarte delen av skipet (fig. 4).

I det søraustre hjørnet av den felles kyrkjegarden står eit steintårn som i dag er klokketårn, men opphavleg var hjørnekastell i ein ringmur som omgav begge kyrkjene. Ringmuren vart riven på 1700-talet og var på den tid 6 alen (ca. 3,5 m) høg, men fundamentrestar av den kan delvis sporast enno i dag. Klokketårnet inneholdt gjenbrukte apsissteinar og bør derfor stamme frå same tid som ombygginga av kyrkjene.

Mellomalderbygningane på Granavollen omfattar også Steinhuset på prestegarden ca. 300 meter nordvest for kyrkjene. Det er også tradisjonelt datert til slutten av 1200-talet og var hjørnebygning i eit lukka anlegg med ringmur. Ringmuren er riven for lenge sidan, truleg alt på 1500-talet. Steinhuset består av tre etasjer, ein overhvelva kjellar, ein mellometasje og ein sal i øverste etasje som har hatt hvelv. I ytterveggen i salen er det innbygd eit privat-




Fig. 4. Oppmåling av Mariakyrkja 1901, av Th. Ridder, Th. Frølich og J. Meyer. Foto Riksantikvaren.

Første byggefase i dei to kyrkjene er tradisjonelt dater til 1100-talet, og den omtalte ombygginga og utvidinga til slutten av 1200-talet. Ifølge Sven Rosborn, som er den som har undersøkt bygningane best, har bygginga av Steinhuset og det nye koret i

Nikolaikyrkja skjedd samtidig (Rosborn 1986: 13). Det er funne apsissteinar frå kyrkjene i både Steinhuset og i Klokketårnet.³

Dei eldste delane av begge kyrkjene er bygde av »svartstein«, ein gråsvart stein som er brutt ut berre

nokre hundre meter sør for kyrkjene. Det er ein hard vulkansk eruptiv bergart, truleg gabbro. Ved byggearbeida på 1200-talet er brukt ein lys kalkstein (Pentameruskalk). Den nærmeste forekomsten av denne steinen ligg i luftlinje ca. 4 km unna. I dekkbogane over austvindua er denne kalksteinen murt i vekselvirkning med Ringerikestone, ein raudbrun sandstein, som også er brukt til runesteinane funne på Granavollen.²

3. Forskingshistorien

Utforskinga av kulturminna på Gran går heilt atten-
de til 1600-talet. I 1627 var Peder Alfsøn her på opp-
drag av Ole Worms og avteikna runeinnskriftene.
Sokneprest Hannibal Hammer skreiv i 1743 ei fyldig
skildring av Gran. Gerhard Schøning, rektor ved
Trondheim katedralskule, var her i 1773 på ei av rei-
sene sine rundt i landet, og justisråd Hammer gav i
1797 også ei skildring av bygningane. I 1853 vart kyr-
kjene oppmålt av Georg A. Bull, og i 1901 vart kyr-
kjene, Klokketårnet og Steinhuset målt opp på nytt
under leiing av Herman Schirmer. Ved dette høvet
vart det indre av Mariakyrka delvis utgravd og det
eldste koret med apsis avdekt, saman med to på den
tid uforklarlege kvadratiske fundament i skipet. Prø-
vegrøfter klargjorde også at kyrkja ikkje hadde vore
basilikal (fig. 11).

Ved restaureringa av Nikolaikyrkja i 1950-åra ut-
førte Bernt C. Lange ei utgraving som avdekte apsi-
den frå 1100-talet.

Det kan dermed fastslåast at det har vore to viktige
byggeperioder på Gran i løpet av mellomalderen: I
romansk tid, truleg i løpet av 1100-talet, er begge
steinkyrkjene oppførte, men ikkje samtidig. På eit
seinare tidspunkt, kanskje ved slutten av 1200-talet,
er begge kyrkjene ombygde og Steinhuset på preste-



Fig. 5. Klokketårnet sett mot sørvest. Overetasjen av tre frå 1864. Midt i nordveggen døröffning som har ført ut til parapet på ringmuren. Foto ØE 1990.

garden, Klokketårnet på kyrkjegarden og dermed
truleg ringmuren rundt kyrkjene oppført (fig. 5).

4. Mariakyrkja

Mariakyrkja har hatt ein skiftande historie. Den eld-
ste omtalen i mellomalderen er i rekneskapen til
den pavelege tiendeoppkrevaren Petrus Gervasi i

1330-34; der blir kyrkja kalt »Capella beata Virginis de Gron«, og hadde altså kapellstatus (Bugge 1932: 200). Fram til brannen i 1813 var det i taket over koropningen malt eit våpenskjold og ei innskrift som fortalte at »Anno Domine mcdlxiiii Complevit Hoc Opus Bero Torgari« (I det Herrens år 1474 fullførte Bjørn Torggardsøn dette verket). I 1594 nemner biskop Jens Nilssøn at det berre »stundom« var gudstenester her, men på 1600-talet vart kyrkja utstyrt med nytt inventar, og fekk i 1686 det vakre tårnet som brann i 1813 (fig. 6). I 1740 er det opplyst at det var gudstenester her på onsdagane i fasta og på langfredag (Bugge 1932: 204). Etter salget av kyrkjene til private i 1723-24 var Mariakyrkja sterkt trua av riving, for den hadde ingen faste inntekter, men var ei såkalt »lovekyrkje«, det vil seie avhengig av frivillige bidrag til vedlikehaldet. Dei nye private eigarane ville ikkje bruke pengar så lenge der ikkje var inntekter. Striden gikk heilt til kongen som i 1774 bestemte at »Grans Syndre-Kirke, der allene er en Gave Kirke, maa som en uskyldig Antiquitet for Eftertiden fremdeles vedblive« (Bugge 1932: 205). Men i 1813 slo lynet ned i tårnet, alt treverk brann opp, og kyrkja vart ståande som ruin (fig. 7).

Nikolaikyrkja brann også etter lynnedsdag i 1799, men vart fort reparert. Omkring 1860 var denne imidlertid i så dårlig stand at ei restaurering var nødvendig. Ruinen av Mariakyrkja vart derfor i 1863-64 reparert med takverk og takryttar for å tene som soknekyrkje medan Nikolaikyrkja var under restaurering. Kyrkja vart på nytt sett i stand i 1912-15 til bruk som gravkapell. Då vart apsiden frilagt og liggande tilgjengeleg under eit plankegolv. Innvendig fekk kyrkja sementgolv på ei fylling av stein. I åra omkring 1990 vart kyrkja på nytt restaurert og i 1992 tatt i bruk til gudstenester (fig. 8).



Fig. 6. Kyrkjene i 1772, med tårna som gikk tapt i brannane i 1799 og 1813 og restane av ringmuren. Teikning i justisråd Hammers samling, Universitetsbiblioteket i Trondheim. Foto UNIT.

Ved istandsettinga i 1863-64 var det meste av veggjen mellom skip og kor nedrast og måtte byggast opp igjen, men stort sett var murane i god stand. Nord- og sørportalen i skipet vart omgjort til vindu, og vestportalen vart dermed einaste inngang til skipet. Nordportalen i koret var framleis i bruk som presteingang. Den største utvendige endringa var at mønet vart senka 1,5 m, og kyrkja fekk dermed ein buttare profil enn før 1813.⁴




Fig. 7. Tekning av Søsterkyrkjene i 1850-åra i Riksantikvarens arkiv. Mariakyrkja står som ruin etter brannen i 1813. Støtfugen midt i sørveggen i Mariakyrkja er godt synleg mellom portalen og vinduet.



Fig. 8. Mariakyrkja innvendig etter restaurering, sett mot aust. Foto ØE 1993.

Mariakyrkja har, så langt bakover i tid som vi har skrivne kjelder, både arkitektonisk og liturgisk hatt ei sekundær betydning i forhold til Nikolaikyrkja. Den er litt mindre, er ingen basilika, og er heller ikkje som Nikolaikyrkja bygd av fint tilhogd kvaderstein. Steinhoggararbeidet i den romanske delen er ikkje av same kvalitet som på Nikolaikyrkja, der særleg vestfasaden er eit førsteklasses døme på stram arkitektur og godt steinhoggararbeid. I Mariakyrkja har berre portalane liknande steinbehandling, men på eit lavare kvalitetsnivå; veggane i vestre del av skipet er murt av bruddstein i regelmessige skift.

5. Undersøkinga i 1990

Undersøkinga i 1990 har klarlagt nye sider ved Mariakyrkja sin eldste historie som motseier det tidlegare inntrykket av ein sekundær bygning. Som nemnt var det heilt frå 1901 kjent at Mariakyrkja opphavleg hadde hatt eit kor som var breiare enn langt, og avslutta av ein apsis mot aust. Utforminga av bygningen mellom dette korpartiet og den bevarte vestre delen av skipet var ukjent, men dei to loddrette fugene utvendig på nord- og sørsida av skipet viste at ombygginga på 1200-talet hadde starta her (fig. 9). I det nyare koret og austre delen av skipet er det gjenbrukt mykje finhodg Stein som stammar frå det eldste korpartiet.

Ved restaureringa i 1989-90 vart det meste av den innvendige sementpussen frå 1912-15 hogd av. I nordveggen kom det då fram ei loddrett støtfuge i muren, og ved vidare pussavhogging dukka det opp ei tilsvarande støtfuge i sørveggen. Ved innmåling viste det seg at begge fugene låg ca. 1,5 meter aust for dei utvendige fugene. Den innvendige fugen kunne dermed vere eit hjørne mot veggar som hadde gått

mot nord og sør. Den grunnplanen som i så fall avtegna seg var ei korsforma kyrkje med tverrskip eller kapell mot nord og sør og eit lite kor med apsis. Ein slik grunnplan er svært sjeldan i Norge. Kyrkjer med slik grunnplan er kjent både i Sverige og i Danmark, men det er likevel snakk om ei lita gruppe. Viktig i denne samanhengen er det også at dei innvendige hjørna ligg nøyaktig i flukt med austre kant av dei tidlegare utforklarte kvadratiske fundamenta avdekt i 1901 inne i skipet. Disse kan dermed ha inngått i den eldste utforminga av kyrkja ved at dei bar eit lektorium, eit korskille eller kanskje helst eit midttårn. Området vest for fundamenta ville dermed utgjere skipet, og tverrarmane og det eldste koret vere eit naturleg avdekt område.

For å undersøke kva disse utbygga kunne vere, vart det gjort ei mindre arkeologisk undersøking utvennlig (fig. 11). Ved graving av ei dreneringsgrøft under arkeologisk tilsyn rundt heile kyrkja, kom det fram murrestar akkurat der ein kunne vente: på nord- og sørsida av skipet under austhjørna og ca. 7 m lenger vest under dei loddrette fugene. Det var bevart nok av murverk og fundament til å fastslå at det hadde gått to parallelle murar både mot nord og sør med ein innvendig avstand på ca. 3,5 m. Fundamentet var avslutta med flate heller som dagmuren sto på (fig. 10). Grøftene vart her utvida for å kunne avdekke utstrekninga til disse utbyggja. Ettersom området rundt heile kyrkja har vore brukt som gravplass opp til i dag, var dessverre murverket bevart berre ca. 1,5 meter ut frå veggane. Resten var øydelagt av graver. Ved ei prøvesjakt mot nord kunne svake fundamentsrestar observerast under graver mellom 2-3,5 meter nord for veggen, og disse restane kan gi ei sannsynleg avgrensing for utbygget mot



Fig. 9. Utvendig sørvegg av skipet i Mariakirka. Støtfugen midt i bildet, med den eldste delen av skipet t.v. T.h. for fugen den yngste delen av skipet med gjenbrukt småfallen «svartstein», og lengst t.h. litt av koret. vinduet er originalt og det einaste som gir lys til skipet. Sørportalen gjenopna ved restaureringa. Foto ØE 1993.



Fig. 10. Rest av murflukt ved det nordaustre hjørnet av skipet i Mariakirka. Muren til det nye skipet er lagt over den plane sokkelflaten av store heller. Motivet sett mot sør. Foto ØE 1990.




Fig. 11. Plan av Mariakirka med utgravingane i 1901 og 1990 inntekna. Merk apsiden under koret og dei to pillar- eller tårnfundamenta i skipet. Oppmåling ved Ola Storsletten, NIKU.




Fig. 12. Rekonstruksjon av planen til den eldste Mariakirka etter spor funne i 1901 og 1990. Heil strek markerer sikre vegglinjer, prikket strek markerer u dokumenterte. Tekning ØE.

nord. Mot sør er området dekt av nyare graver, og utgraving her kunne ikkje utførast. Av det vesle som var bevart av fundament og veggrestar var det ingen ting som tydde på at utbygga hadde hatt utvendige apsider mot aust. Dei bevarte hjørna inn mot skipet viser at utbygga både mot nord og sør opna seg i full breidde inn mot skipet. Dersom disse utbyggja har fungert som kapell, kan dei ha hatt små innvendige apsider utspart i muren. Dei to kvadratiske fundamenta som fluktar med dei innvendige hjørna til utbygga deler kyrkja i to delar; eit korparti med »tverrskip« eller sideutbygg og eit lite kor med apsis (fig. 12). Dei to fundamenta kan eventuelt også vere restar av pilarar som bar eit midttårn over krysset. Vest for dei to fundamenta ligg skipet med tre portalar. Nord- og sørportalanane ligg heilt inn til dei to kvadratiske fundamenta. Plasseringa kan tyde på at rituelle formål, t.d. prosesjonar, meir er årsaken til plasseringa av portalane enn hensynet til ein evt. kyrkjelyd. Den totale mangelen på vindu i skipet tyder på ein underordna funksjon for denne bygningsdelen.

Den bevarte vestre delen av skipet er karakterisert ved å ikke ha vindu, men tre portalar. Portalane mot nord og sør er enkle og rundboga med berre ein utvendig recess. Ved sidan av sørportalen er det utspart eit kors i ein stein. Portalane er litt ulike. Den nordre ligg litt lenger mot aust, og har både utvendig og innvendig skrå smyg. Sørportalen er derimot rettvinkla, og har også bomhol.

Vestportalen er meir utvikla, med recess og søyler. Både søylene og kapitela er svært grovt hogde, og ser ut til å vere kopiert etter vestportalen på Nikolaikyrkja. Kapitela er enkle terningkapitel (fig. 13). Det også verd å legge merke til at søylene ikke er fundamenterte saman med veggane, men står på ei opp-




Fig. 13. Vestportalen i Mariakirka før restaureringa 1990-92. Merk at søylene har ulike kapitel og basar, og er hogd av to typer stein. Foto ØE 1990.




Fig. 14. Rekonstruksjon av Veng kyrkje sin opphavlege utsjånd i plan og snitt. Nederst plan i golvincivå, i midten gjennom sidekapella sin overetasje og øverst snitt. Etter Danmarks Kirker, Århus amt, helse 35.

fylling av småstein. Søylene er delvis hogde av »svartstein« og delvis av den lyse kalksteinen som er brukt ved korutvidingane, og denne steinen er ikkje brukt på 1100-talet. Portalen må altså vere ombygd og utstyrt med søyler ved ombygginga. Ved denne ombygginga ser også vindeltrappa opp til loftet ut til å vere bygd inn, for også i den er det gjenbrukt apsissteinar (Rosborn 1976). I den eldste fasen ser altså kyrkja ut til å ha hatt åpen takstol, men fekk ved ombygginga flat himling med loft som kunne nåast gjennom vindeltrappa og åpningen i vestgavlen. Gavltrekanten er ifølge Rosborn også bygd på 1200-talet, og den store vindus/dørropningen i gavlen kan derfor ha blitt brukt til opp/nedheising av gjenstandar som vart oppbevart på loftet.

6. Andre kyrkjer med liknande form

Etter å ha skissert bygningshistorien til Mariakyrkja på 11- og 1200-talet, utkristalliserer det seg to spørsmål:

- kvifor fekk Mariakyrkja den spesielle utforminga på 1100-talet?
- kvifor vart kyrkja ombygd så sterkt seinare i mellomalderen?

Den eldste forma på kyrkja er heilt uvanleg for ei steinkyrkje på landsbygda i Norge. Den nærmeste norske parallellellen er Mikaelskyrkja på Slottsfjellet i Tønsberg som hadde små sidekapell med utvendige apsider.⁵ Sidekapell finst også i Eidsvoll kyrkje på Romerike, som var møteplass for Eidsivatinget, eit av dei fire lagtinga eller landsdelstinga i Norge. Den nærmeste danske parallellellen er Veng kyrkje på Jylland (fig. 14), som var oppført som kyrkje i eit benediktinerkloster (Danmarks kirker, Århus amt, hf. 35: 205). I Sverige er dei tre nærmeste parallellane St. Olof og St. Per i Sigtuna, og den eldste domkyrkja i

Gamla Uppsala. Alle fire hadde spesielle funksjonar utover å vere soknekyrkjer, og dette har sett spor etter seg i arkitekturen. Christian Lovén (1990) har i ein artikkel presentert ei gruppe på ca. 20 svenske kyrkjer med felles trekk, særleg sidekapell eller tverrskip, frå 1100-talet. Dei største er domkyrkjer, andre er kjøpstadskyrkjer, men ingen ser ut til å vere berre reine soknekyrkjer. Den kompliserte forma tyder på at dei har hatt ein meir spesialisert liturgisk funksjon enn ei vanleg soknekyrkje. Dei norske kyrkjene som ligg nærmest, basilikaene på Austlandet, har fungert som soknekyrkjer, men har etter alt å døme også hatt ein funksjon for eit vidare område enn soknet. Bortsett frå domkyrkjene i Oslo og på Hamar, hadde ingen av disse primære sidekapell eller utstikkande tverrskip

Når det gjeld Gran, har vi få skriftlege opplysingar som kan kaste lys over forholda her i tidleg mellomalder. Ein runestein ved Nikolaikyrkja frå ca. 1050 fortel at »Aun **rykiu** sine søner reiste (steinen) etter Aufi bror sin. Gud hjelpe sjela til Aufi« (fig. 15). I murane til Nikolaikyrkja er det funne restar av to andre runesteinar, den eine er ein billedstein, som begge har kristne innskrifter og kan daterast til 1000-talet. Innskriftene viser at området var kristent alt tidleg på 1000-talet (Norges innskrifter med de yngre runer I: 177-91).

Gran er sentrum i det rike landskapet Hadeland, men det er uklart om denne staden hadde spesielle funksjonar i førkristen tid. Hadeland var frå først av ein del av Oslo bispedøme, men kom frå 1152 under det nyoppredda Hamar bispedøme. Soknepresten på Gran var også kannik ved domkyrkja på Hamar og prost over Hadeland, Ringerike, Toten og Hallingdal. På 1400-talet vart to av sokneprestane til Gran biskop-



Fig. 15. Runesteinen ved Nikolaikyrkja, med innskrift datert til midten av 1000-talet. Foto ØE 1990.

ar; Olav Nilsson i Bergen i 1434 og Gotschalk Keniksson på Holar på Island i 1442 (Lange 1988: 26).

Vi har ikkje i dag sikkert grunnlag for å seie kva for ei som er den eldste av dei to kyrkjene. Nikolaikyrkja ligg på det høgaste punktet av åsen, og har ein handverksmessig kvalitet som er av første klasse. Ein skulle venta at også ein eventuell forgjengar av tre var blitt bygd på dette punktet som burde vere den eldste kyrkjeplassen. Mariakyrkja ligg litt lavare i terrenget, og gir eit inntrykk av å vere sekundært plassert i forhold til Nikolaikyrkja. Den gjenbrukte, småfalte steinen i kvaderform i den austre delen av kyrkja, tyder på at dette var den eldste delen av dei to kyrkjene og kan vere oppført tidleg på 1100-talet eller før. Kvadermurverket i Nikolaikyrkja daterer denne klart til midten av 1100-talet eller seinare. Ei eller begge av kyrkjene kan godt ha hatt ein forgjengar av tre. Runesteinane tyder på at gravplassen har vore i bruk i alle fall sidan første halvdel av 1000-talet.

7. Opphavleg og sekundær funksjon

Spørsmålet om funksjonen til dei to kyrkjene er tradisjonelt blitt svart med at Nikolaikyrkja var fylkeskyrkje og Mariakyrkja soknekyrkje. Slike løysingar er ikkje kjende ellers i landet, og det er heller ingen grunn til at disse to funksjonane skulle vere delte på to bygningar side ved side. På 1300-talet var Mariakyrkja eit kapell, og i tida fram til brannen i 1813 ei »lovekyrkje«, som hadde inntekter berre i form av gaver og donasjonar, men det er ukjent kor langt tilbake i tid denne ordninga går. Etter alt å døme er dette ein sekundær funksjon. Nikolaikyrkja har vore soknekyrkje i alle fall sidan 1500-talet. Kombinasjonen av to kyrkjer er ikkje heilt ukjent i norske bygder og byar. Fleire andre døme kan nemnast, men ingen

andre stader er begge kyrkjene bevart.⁶ Det er heller ingen tradisjonar knytta til Gran som valfartspllass, tinglass o.l., men den gamle Kongevegen til Trondheim går rett over Granavollen.

Eit spørsmål som kan reisast er om Mariakyrkja kan ha samanheng med ein tidleg klosterkommunitet eller eit forsøk på å etablere ein slik. Det må i denne samanhengen innskytast at det ved oppkasting av graver mellom kyrkjene er gjort observasjoner av murverk, jfr. note 4.

På to andre stader i landet kan det ha vore forsøk på å etablere klostersonfunn alt før 1100. På Hovedøya ved Oslo er det bygd ei steinkyrkje ca. 1100, overtatt av cisterciensarane i 1147. Kven som bygde kyrkja og kvifor er til no uavklart, men ein tidleg benediktinarkommunitet er foreslått (Gunnes 1987: 52). På Munkholmen ved Trondheim skal Knut den store ha grunnlagt eit kloster i 1028, men ingen spor er funne av dette. Først ca. 1100 er ein kommunitet sikkert etablert på øya(ibidem: 51). Mangelen på skriftlege kjelder i denne perioden gjer det muleg at det kan ha blitt etablert fleire slike tidelege, kortlivda kommunitetar som ikkje har sett spor etter seg i skriftlege kjelder. Den uvanlege forma på Mariakyrkja må bety at den skulle gi rom for liturgiske funksjonar meir kompliserte enn i ei vanleg soknekyrkje. Det ligg derfor her nær å samanlikne med Veng kyrkje som romma ein benediktinerkommunitet på 1100-talet. Det svake skriftlege kjeldematerialet fra 1100-talet gjer at ein slik tanke ikkje utan vidare bør avvisast. Det er enno mange uklare sider ved den eldste kyrkjelege organiseringa på Austlandet.

Det andre spørsmålet, om årsakene til den store ombygginga av begge kyrkjene og bygginga av ein ringmur omkring dei, er også vanskeleg å svare på. Gran

var i høg- og seinmellomalderen sete for ein prost, men også kannikgjeld for ein av kannikane ved Hamar domkyrkje, og dermed eit lokalt senter i bispedømet. Ved eit så stort byggearbeid må derfor disse geistlege ha hatt ei avgjerande rolle. Utbygginga av eit forsvarsverk rundt kyrkjene kan ha samanheng med etableringa av eit fast støttepunkt for innkrevning av skattar og avgifter til kyrkje og biskop. Frå om lag same tid kjenner vi også eit anlegg på det tilgrensande landskapet Ringerike, der biskopen på Hamar hadde eit anlegg med steinbygningar på Storøya i innsjøen Tyrifjorden. Det er usikkert om anlegget var omgitt av ein ringmur, men observerte murrestar kan tyde på det (Storsletten 1990: 136). Også andre stader i Hamar bispedøme, på prestegardane ved andre basilikaer i rike landskap som Ringsaker på Hedemarken og Hoff på Toten, finst det mellomalderske hvelvkjellarar som kan vere bygd for å dekke andre behov enn dei reint lokale. Begge var kannikgjeld. To kyrkjer omgitt av ringmur er det likevel berre Gran som kan vise til. Dateringa av ringmuren til slutten av 1200-talet kviler på gjenbruken av apsistinar frå kyrkjene i Klokketårnet. Ettersom sjølve muren er borte og restane aldri undersøkte, kan det likevel tenkast at muren er enno yngre. Ringmuren må vere bygd i geistleg regi, og geistlege festningsanlegg med ringmur hører i Norge til den seine mellomalderen. Bispegardane i Oslo, på Hamar og i Trondheim får alle ringmurar i seinmellomalderen, og i 1520-åra reiser erkebiskop Olav Engelbrektsson ei moderne borg på Steinvikholm i Trondheimsfjorden. Langt nord i landet, på Trondenes i Troms, blir den mektige steinkyrkja i seinmellomalderen omgitt av ein ringmur med to vakttårn. Ringmuren er dater til første del av 1400-talet, bygd som vern mot russiske og kareliske innfall.⁷

Som alt omtalt kjenner vi frå ei innskrift i Mariakyrka at Bjørn Torgardsson lot utføre eit byggearbeid som hadde samanheng med Mariakyrka, avslutta i 1474. Bugge (1932: 203) omtaler også ein annan tradisjon om at i Mariakyrka var synleg Bjørn Torgardsson sitt våpenmerke med tre roser og innskrifta »Insignia Beronis Canonici Hamarensis« (Merket til Bjørn kannik på Hamar). Han refererer også ei opplysing i Dansk Adels-Lexicon om at riddaren Alf Knutsson i 1474 hadde latt bygge hvelvet i Gran kyrkje på Hadeland, og at våpenkjoldet hans var malt der. Det skulle ha same motiv som Bjørn Torgardsson sitt, men med hjelm og horn over.⁸ Bugge meiner at det her kan dreie seg om ei forveksling og at det er tale om same innskrifta. Likevel er det eit faktum at det var berre Nikolaikyrkja som hadde hvelv, og at det derfor er muleg at det har skjedd byggearbeid på begge kyrkjene på same tid. Dersom disse to byggherrane var av same slekt kunne dei også føre same våpenmerke.

Ved bygningsundersøkingane er det ikkje funne noko som tyder på at bygningen er blitt utsett for store skader. Murane har tålt både brannen i 1813 og ein 50-årig ruinperiode godt, og det er derfor liten grunn til å tru at ein brann i mellomalderen skulle føre til at mesteparten av bygningen vart nybygd. Gran sin status som kannik- og prostesete betyr at det fantes økonomiske ressursar her som kunne kanaliserast inn i byggearbeid, sjølv i den økonomiske nedgangsperioden som seinmellomalderen var i Norge. Ein kannik med bakgrunn i lavadelen skulle ha gode forutsetningar for å gjennomføre byggearbeid. Akkurat kva Bjørn Torgardsson sine arbeid gjekk ut på får vi vel aldri vite. Å datere ombygginga av korpartiet så seint som til slutten av 1400-talet er dristig, uansett om byggeskikken på det indre Aust-



Fig. 16. Mariakyrkja sett mot vest med det sekundære koret. Foto ØE 1993.

landet var konservativ. Dersom det skal ha skjedd på same tid som hvelvbygginga i Nikolaikyrkja skulle ein vente bruk av tegl i portalar og vindu. Bygginga av eit stort kor i begge kyrkjene tyder definitivt på at det viktigaste var å skaffe plass til liturgiske funksjoner. Liknande korutvidingar kan påvisast i ei rekke viktige kyrkjer rundt om i landet, men er eineståande for ei kyrkje med kapellstatus. Mariakyrkja kan

derfor ha fått ein spesiell status for kanniken som eit slags privatkapell. Ser vi på måla, er faktisk koret i Mariakyrkja større enn koret i Nikolaikyrkja med heile 69 m^2 mot ca. 55 m^2 . Skipet dekker 140m^2 . Storleiken på koret kan kanskje tyde på at det er yngre enn koret i Nikolaikyrkja, ved at det skulle gi plass til ein meir utvikla liturgi og messefeiring (fig. 16). Biskop Jens Nilssøn nemner i 1594 at kyrkja

hadde »ickon gamle stoler«, som må bety at stolane var eldre enn reformasjonen. Er det Bjørn Torgards-son sitt inventar frå slutten av 1400-talet biskopen har sett?

I Trondenes, som var kannikegjeld for dekanen i Nidaros, utførte Svein Eiriksson mellom 1427-80 store bygge- og innreiingsarbeid i kyrkja, som han minne ettertida om gjennom fleire innskrifter. På korstolane sto våpenskjoldet hans og ei innskrift som fortalte at han lot dette utføre i 1465.⁹ Skjoldet var også plassert på lektoriet i koropningen, og i taket over koropningen er enno bevart ei innskrift som ber Herren velsigne dette huset og alle som bur i det (Ryjord 1913: 32).

I norsk historieforskning er det ein sterk tradisjon at 1400-talet var ein nedgangs- og forfallsperiode der lite skjedde. I dei seinare åra er det derimot kome fram fleire opplysingar og dateringar som tyder på at i alle fall den kyrkjelege sentralorganisasjonen var sterk og hadde makt og evne til å stå for byggearbeid. Det bevarte materialet frå Gran og Trondenes fortel at det har skjedd til dels store bygge- og vedlikehaldsarbeid på visse kyrkjer.¹⁰ Det var særleg dei høgare geistlige som hadde råd og evner til å sette i gang slike arbeid, men opplysinga om Alf Knutsson viser, dersom den kan verifiserast, at også den norske lågadelen kunne stå bak byggearbeid. Materialet tyder i alle fall på at myten om seinmellomalderen som ei samanhengande krise- og nedgangstid i Norge må avlivast.

Notar

1. Dei seks er Gamle Aker kyrkje i Oslo, Nikolaikyrkja på Gran, Ringsaker på Hedemarken, som alle er godt bevart; Hoff på Toten og Tjølling i Vestfold, som begge mista basilikaformen på 1700-talet, og Laurentiuskyrkja i Tønsberg, riven i 1810.

2. Steintypene er undersøkt av professor Johannes A. Dons, Universitetet i Oslo. Rapport i Riksantikvarens arkiv.

3. Rapport i Riksantikvarens arkiv.

4. H. Sinding-Larsen i Foreningen til norske fortidsminnesmøkers bevarings årbook 1904 s. 231 og rapport frå arkitekt Aars i Riksantikvarens arkiv. Murmester Gundersen fann ved grunnmursarbeid i 1910 to parallelle fundament med ein avstand på 4,40 m som gikk ut frå Nikolaikyrkja sin sørvegg, kanskje eit planlagt tverrskip mot sør. Fundamenta var 2 m breie. Brev i Riksantikvarens arkiv.

5. Mikaelskyrkja er datert til 1100-talet og hadde små sidekapell med apsider og kor med apsis. Ombygd ca. 1300 med nytt, større kor i samband med at den vart kongeleg kapell og sete for eit prestekollegium (Johnsen 1971: 54).

6. Samanstillinga av to kyrkjer er m.a. også kjent frå Seljord i Telemark, Trondheim (Kristkyrkja og den eldste Mariakyrkja), Stavanger (Domkyrkja og Mariakyrkja) og Bergen (Store og vesle Kristkyrkje).

7. Opplysingar ved historikar Trygve Lysaker, Trondheim.

8. I adelssleksikonet er det opplyst at »Alf Knudsen Rosenhan, Ridder og Norges Riges Raad, lod 1474 bygge Vælingen i Choret i Grands Kirke på Hadeland, hvor hans Vaaben findes saaledes afmalet. Et af blaat og Sølv paa høire Hjørne skraadt Skjold, belagt paa Delingen med tre Roser af Skoldets modsatte Farver. På Hielmen to Vesselhorn, det første blaat, det andet Sølv, hver utvendig besat med tre Roser af modsatt Farve« (Bugge 1932: 204).

9. På korstolane las biskop Nannestad i 1750: »Sveno Erici Decanus Nidrosiensis fecit hoc opus p. familiarem suum, Petrum Botolpi anno Doii millesimo quadrungentesimo sexagesimo quinto. Orate p. eis.« Våpenet hans var »en hvid Frank-Lillie mit i med 2. halve Lilier hvide i Blaat. Skjold«. Innskrifta over koropningen las Nannestad som »Benedic. Doie Domum istam et oes habitantes iu ea! Amen« (Velsign Herre dette huset og alle som bur i det. Amen.)

10. Nye dendrokronologiske dateringar av takverket i Trondenes viser at tømmeret til takverket over koret er hogd i 1399/1400, til takverket over skipet nokre år etter 1434 (ytterste årringane manglar) og at austre gavl i skipet er reparert med tømmer hogd i 1507/08. Svein Eriksson ser dermed ut til å kunne stå bak oppføringa av heile skipet.

* Dateringane opplyst av Ola Storsletten, NIKU, som skal ha stor takk.

Litteratur

Bugge, Anders: Kirkene i ny og gammel tid. Hadeland bygdebok I. Oslo 1932.

Danmarks kirker, Århus amt 35. Nationalmuseet 1989.

Gunnes, Erik: Klosterlivet i Norge. I: Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring årbok 1987.

Johnsen, Arne Odd: Tønsberg gjennom tidene. Oslo 1971.

Lange, Bernt C.: Søsterkirkene og Steinhuset på Gran. Jaren 1988.

Lexicon over adelige Familier i Danmark, Norge og Hertugdømerne II. København 1787.

Lovén, Christian: Romanska storkyrkor i Sverige. I: Bebyggelseshistorisk tidsskrift nr. 20 (1990).

Norges innskrifter med de yngre runer bd.I. Oslo 1941.

Rosborn, Sven 1976: Rapport om undersøking av steinbygningane på Gran. Riksantikvarens arkiv.

Rosborn, Sven: Det medeltida Steinhuset på Gran i Hadeland, Norge. I: Bygningsarkæologiske studier 1986. København 1986.

Ryjord, Nils: Trondenes kirke. Harstad 1913.

Storsletten, Ola: Storøya i Tyrifjorden. I: Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring årbok 1990.